

Fiske i Lærdal statsallmenning 2004



Her finn du ein tabell over fisket i statsallmenningen sommaren 2004. Tabellen er sett opp ut frå dei fiskerapportane som er komne inn. Feilkjeldene er dei same som i tidlegare år. Ein veit at alle ikkje har levert fangstmelding. Fisken er ikkje vogen, men vekta er "rusa". Born fiskar utan kort osv. Hjelp oss å få ein så rett fiskerapport som råd er. Den er eit viktig grunnlag for kor mykje yngel me skal søkja om å få setja ut neste år. I nokre vatn er det berre teke nokre få fiskar, så gjennomsnittsvekta er vel kanskje ikkje heilt å lita på. Fisket i fjellvatna har no vorte ein stor resurs, kraftig ny rekord både i tal fanga fisk og i oppfiska kg. Her er nokre tal frå 2004 (tal frå 2003):

Det er selt 164 fiskekort for stong/oter og 41 garnkort for til saman kr. 33 250 (31074).

Tal fisk 4049 (2913) ein auke på nær 40%. Desse vog 2165 kg (1513 kg), auke på vel 36%. Kvevatn er desidert det beste vatnet, både i tal fisk 2314 (1508) og vekt 1447,5 kg (904,4 kg). Hallingskeidsandvatnet er beste krokvatnet, 308 fisk (134) og 123,35 kg (54,4 kg).

Dei innkomne rapportane syner at fisketrykket ligg på vatna nærast vegen. Mange av vatna i aust vert lite nytta, men er gode fiskevatn. Litt av det same er det i vest. Ein del gode vatn er det ikkje fiska i. Ver merksam på at i mange vatn, til dømes Einarsvatnet og Fleskevatnet, er det berre ein eller to som har fiska.

JV

Namn på vatn	Garn	Stong/oter	Tal fisk	Vekt i kg	Gj.snitt i kg
Barbrotjørn		31	31	6,14	0,198
Blandeavatn		5	5	1,7	0,34
Buasogtjørn		22	22	4,9	0,223
Bubotnvatn	46	55	101	47,7	0,472
Bubotntjørn		7	7	5,8	0,829
Einarsvatn		48	48	19,8	0,413
Einarsbotn Store		14	14	4	0,286
Fagervatn Nedre		57	57	21,05	0,369
Fagervatn Øvre	48	66	114	51,4	0,451
Finnsholsvatn Øvre	70	6	76	37,7	0,496
Fleskevatn Nedre		48	48	12,7	0,265
Fleskevatn Øvre		94	94	41,15	0,438
Fløgesprangtjørn		5	5	1,6	0,32
Fossane		30	30	13	0,433
Gravdalsnostjørn		2	2	0,6	0,3
Grånostjørn		20	20	7,62	0,381
Hallingskeidsandvatn		308	308	123,35	0,4
Hilmsvatn	178	42	220	92,2	0,419
Hånostjørn	42	16	58	23,5	0,405
Kvelvevatn		12	12	3	0,25
Kvevatn	2203	111	2314	1447,5	0,626
Langtjørn		26	26	6,6	0,254
Liahovdvatn	43	18	61	30	0,498
Ljosegrunnsvatn Store	129	11	140	72,4	0,517
Ljosegrunnsvatn Vesle	125		125	42,2	0,338
Perbakk		46	46	16,1	0,35
Raudvatn Vesle		2	2	1,5	0,75
Skavlevatn		1	1	0,7	0,7
Tvillingtjørn		18	18	7,6	0,422
Vadtjørn		44	44	22	0,5
Sum	2884	1165	4049	2165,51	0,545

**STØTTESPONSOR H&K
AS TREVAREN**
tlf. 57 66 61 08